

Kommentarer til nabomerknader vedr. oppføring av forstøtningsmur på gnr/bnr 186/303 – Porsvikneset

1. Nabomerknad frå Askild Tobiassen Hauge, 20.07.2020

Kritiske til høgden. Meiner høgden er unaturleg og unødvendig. Burde vere mogleg å harmonere meir med byggehøgden for eksisterande bygningar langs sjøen. Ein nesten 4 meter høg mur vil vere svært skjemmaende frå sjøsida. VVS anlegg burde vore lagt djupare, då eigar av denne tomta er den same som utbyggjar av feltet. Stiller spørsmål om kvifor ein ønskjer så høgt, og om dette berre er for å spare kostnader. Vil skape presedens for nabotomt.

Kommentarar til merknad:

Høgden til ny bustad vil vere godt innafor krava i reguleringsplanen, då reguleringsplanen opnar for bustader i to etasjar pluss kjellar, og maks mønehøgda er sett til 8,5 meter over kote +25. I dette tilfelle er det tenkt å bygge alt på eit plan, slik at bustaden vert vesentleg lågare enn det som er tillete gjennom reguleringsplanen. Høgda på vegen har stor betydning for kor i terrenget ein innkjøring til bustaden kan vere. Det vil vere vanskeleg å legge innkjøringa til bustaden lågare enn 0,5 meter under veghøgda. Grunnen til at muren er trekt så langt ut mot tomtegrensa er for å få eit betre uteområde til bustaden. Høgda på muren vil ikkje verte vesentleg endra om denne vert trekt 4 meter lenger inn på tomta, og med det også uttrykket frå sjøsida.

2. Nabomerknad frå Maiken V Nordgjerde, 20.07.2020

Kritiske til høgden. Meiner høgden er unaturleg og unødvendig. Burde vere mogleg å harmonere meir med byggehøgden for eksisterande bygningar langs sjøen. Ein nesten 4 meter høg mur vil vere svært skjemmaende frå sjøsida. VVS anlegg burde vore lagt djupare, då eigar av denne tomta er den same som utbyggjar av feltet. Stiller spørsmål om kvifor ein ønskjer så høgt, og om dette berre er for å spare kostnader. Vil skape presedens for nabotomt.

Kommentarar til merknad:

Sjå kommentarar over.

3. Nabomerknad frå Margrethe S Dale, 20.07.2020

Ønskjer at ny bustad vert plassert lågare i terrenget, då ho elles vil miste betydelig utsikt frå sin eigedom i begge etasjar. Høyde på kloakk burde vore tenkt på før den var lagt. Sjølve muren i forkant vil bli høg og unaturleg pragane i forhold til terreng og friområdet. Det vil ikkje sjå fint ut frå sjøsida, og vil ikkje harmonere med tidlegare bebyggelse. Ved plassering av bustad på ein lågare kote, så vil også muren bli lavare og mindre pragande.

Kommentarar til merknad:

Som det også er kommentert over, så opnar reguleringsplanen for ein høgare bustad enn den som nå er planlagt på tomta. Når ein byggjer bustad i eit bustadområde der det er regulert bustader i framkant, så må ein rekne med at noko utsikt forsvinn når reguleringsplan opnar for høgare bygningar i framkant. Når det gjeld oppbygging av tomta mot sjø, så må denne byggast opp på ein eller annan måte, då det er vanskeleg å køyre noko særleg meir ned frå vegen. Eit alternativ kan vere å trappe muren noko, men frå sjøsida vil dette gje mykje same uttrykk. Det er høgdeforskjellar på tomta, og dette må takast opp på ein måte.